

Til offentlege instansar,
grupper/organisasjonar,
naboar og grunneigarar

DERES REF.:

VÅR REF.: THK

ARENDALE, 15.05.18

DETALJREGULERING FOR MASSEUTTAK SANDEID, VINDAFJORD KOMMUNE VARSEL OM OPPSTART AV PLANARBEID

I samsvar med plan- og bygningslova (pbl) § 12-8 kunngjer Stærk & co as oppstart av arbeid med reguleringsplan for masseuttak på Sandeid i Vindafjord kommune. Området skal detaljregulerast jf. pbl § 12-3.

Målet med planlegginga

Målet med planarbeidet er å legge til rette for uttak av sand og grus, samt ei mindre utviding av industriområdet aust for Ølen Betong.

Planområdet

Avgrensing av planområdet er vist på vedlagte kart og i fig. 1. Planområdet er større enn planlagt uttaksområde. Eksakt størrelse på uttaksområdet vil bli avklart i planprosessen. Planområdet har tilkomstveg frå fv. 46 Saudavegen i sør.

Planområdet er på ca. 127 dekar og omfattar heile eller delar av fleire eigedomar:

GNR	BNR
25	1, 3, 7, 8
26	2, 6, 13, 18, 19, 26, 33, 35, 37, 38, 39, 41, 43

Uttaksvolumet er grovt berekna til 1 200 000 m³ og omfattar om lag 40 dekar.

Området er dels sett av til råstoffutvinning, dels næring, LNF, bustad og friområde i kommuneplanen sin arealdel – se fig. 1. Arealet er og omfatta av omsynssone skred, flaum og støy (frå fylkesvegen). Delar av arealet omfattast av «reguleringsplan for sandtaket i Sandeid» frå 27.03.01 og er regulert til industri og friluftsområde. Delar av vegen og bustadområdet sør for Ølen Betong er regulert til trafikkområde, turveg, fellesområde leik og bustadområde i «reguleringsplan for området aust for Østbølva» av 15.01.73.

Uttak av masser planleggast innanfor områda som er sett av til næring og råstoffutvinning. Det er aktuelt med nokon mindre endringar for å få eit uttak som er betre tilpassa landskapet og som gjev eit betre arrondert jordbruksareal etter uttak. Planlegginga er i hovudsak i samsvar med overordna plan.

Planen og tiltaket er vurdert i forhold til *forskrift om konsekvensutredningar*. Planen kommer ikkje inn under §§ 6 og 7 om planar som alltid skal ha konsekvensutgreiing, til det er uttaket for lite i areal og volum, jf. krav i vedlegg I pkt. 19 (minst 200 daa og/eller 2 millioner m³ masse). Planen krev konsekvensutgreiing iht. føresegn §1-12 a) i kommuneplanen, jf. også § 8 i *forskrift om konsekvensutredningar*. I oppstartsmøte med kommunen er det konkludert med at det er ikkje er behov for planprogram jf. § 8 i *forskrift om konsekvensutredningar*. Temaene landskap, forureining

(støv, støy, avrenning) og trafikk (som er dei temaene som er vurdert å ha størst negativ konsekvens i konsekvensutgreiinga til kommuneplanen) er vurdert å kreve konsekvensutgreiing. Det er ikkje vurdert å være behov for konsekvensutgreiing av jordbruksstemaet då jordbruksarealet bare midlertidig vil gå ut av drift. Midlertidig tap av jordbruksareal skal vurderast opp mot verdien av uttak av georesurser. Andre tema som skal omtalast i planarbeidet er kulturminne, naturmiljø, friluftsliv, barn og unges bruk. Konsekvens og avbøtande tiltak skal omtalast i planskildringa.




Fig. 1. Utsnitt av kommuneplanens arealdel. Forslag til planavgrensning er vist med blått. Næringsområde er vist med lilla, område for råstoffutvinning er vist med rød-brun (lys og mørk). Lys grønt er LNF-område, mørk grønt er friområde.

Forslagsstillar

Forslagsstillar er Ølen Betong AS. Stærk & Co. as. er ansvarleg for planlegginga.

Merknader til oppstartsmeldinga

Innspel til planarbeidet sendast skriftleg til Stærk & Co. as, Havnegaten 1, 4836 Arendal innan **29.06.2018**. Spørsmål til planarbeidet kan rettast til Stærk & Co.as, v/ Turid Hagelia Korshavn tlf. 37 00 57 65, e-post: thk@staerk.no.

Kunngjering om oppstart med kartvedlegg er lagt ut på www.staerk.no og på www.vindafjord.kommune.no.

Med helsing
Stærk & Co. a.s.



Turid Hagelia Korshavn
arealplanleggar

Vedlegg: Kunngjeringskart med forslag til planavgrensning, datert 15.05.18

Kopi: Ølen Betong AS